



Saksframlegg

Vest- Telemark kraftlag holding – revisjon eigarstrategi

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Eigarstrategi VTK med avtalte endringar etter eigarmøte 27.1.2025 og arbeid i valnemnda.docx
- 2 Møtereferat eigarmøte VTK Holding AS 27 januar 2025 v2.pdf

Bakgrunn for saka:

Etter ny kommunelov § 26-1 skal kommunen minst éin gang i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. I tillegg kan kommunen ha særskilt eigarstrategi for einskildbedrifter, slik ein har valt for VTK.

Sidan 2018 har ein hatt ein eigarstrategi for selskapet. Siste revisjon i 2023 kom ikkje ut med likt vedtak i kommunestyra, ettersom Kviteseid ikkje slutta seg til strategien slik den då låg føre.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Vurdere investering og eigarskap i aktuelle bedrifter.

Utkastet til justert eigarstrategi har vore til handsaming i eigarmøte for Vest-Telemark kraftlag Holding 27. januar 2025. Der møtte styret, administrativ leiing av selskapet og ordførarane i kommunane.

Strategidokumentet fått oppdaterte opplysningar om selskapet. Eigarstrategien er elles tilpassa styrande organ sin praktisering av *Den norske anbefalingen om eierstyring og selskapsledelse* (NUES) og KS sine tilrådingar for eigarstyring og selskapsleiing.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek eigarstrategien slik den ligg føre.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret godkjenner vedlagde eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag Holding.

Eigarstrategien blir revidert i løpet av neste kommunestyreperiode.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør